

Ledig vikariat organisasjonssekretær

Landslaget for lokalhistorie (Báikehistorjáservviid riikkalihttu) er paraplyorganisasjon for lokalhistorielaga. Vi er den største kulturvernørsla i landet med lokallag i dei fleste kommunane. Desse gjer viktig arbeid med å ta vare på og formidle vår felles kulturarv. Sekretariatet har kontor i Trondheim.

Vi har ledig vikariat i 80 % fram til nyttår for organisasjonssekretær med snarleg oppstart. Arbeidsoppgåvene er knytt til utvikling i landslaget, kontakt med lokallaga, samarbeid om nye nettsider og innhaldsproduksjon, prosjektarbeid og vanleg drift.

Vi søker ein person med utdanning (BA eller MA) i kulturhistoriske fag og relevant organisasjonserfaring. Du må ha god skriftleg og munnleg framstillingsevne (bokmål og nynorsk), god samarbeidsevne, ha god digital kompetanse og vera van med å jobbe i team. Det vil bli lagt særleg vekt på god gjennomføringskraft.

Løn etter avtale.

For meir informasjon sjå heimesider landslaget.org, kontakt konst. gen. sekretær Oda Svisdal (tlf. 973 00 196) eller styreleiar Torveig Dahl, (tlf 926 12 830). Søknad med cv og referansar sendes styreleiar dahl.torveig@gmail.com innan 4. september.